



Jobbnorge-ID: 117014

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Stasjonsleiar NIBIO Ullensvang

Det er ledig stilling som stasjonsleiar ved NIBIO Ullensvang. Leiarfunksjonen vil utgjera ca 50% av full stilling, og ca 50% vil vera fagleg arbeid ved forskingsstasjonen.

Stasjonsleiaren skal leia og utvikla forskingsstasjonen slik at det kan utførast FoU-aktivitetar for ulike fagseksjonar i NIBIO. Aktiviteten er for tida størst innan frukt (sortsprøving, dyrking, lagring og foredling, sjukdomar og skadedyr). Oppgåva er å leggja til rette for FoU-aktivitetane med høvelege kontorlokale, forsøksfelt, laboratorier og naudsynt utstyr og infrastruktur. Det ligg til stillinga å profilere NIBIO mot aktuelle samarbeidspartnarar og stasjonsleiaren skal vera NIBIO sin kontaktperson for kundar og FoU-miljø i regionen.

NIBIO Ullensvang har for tida trong for kompetanse innan fleire fagfelt og på ulike fagnivå. Vi tar difor gjerne mot søknader frå personar som kan fylla ut leiaroppgåvene med arbeid som teknikar, rådgjevar eller forskar innan relevante fagområde.

Arbeidsoppgåver/ansvar

- Leggja til rette for fagdivisjonane sine tilsette og verksemd på forskingsstasjonen, og sikra effektiv utnytting av alle tilgjengelege ressursar og god drift
- Utvikla, tilpassa og vedlikehalda all infrastruktur på forskingsstasjonen
- Økonomisk styring og kontroll innafor stasjonen sine fastsette rammer
- Personalansvar med rekruttering, fagleg utvikling og oppfølging av dei tilsette i eigeidomsstaben
- Sikra at gjeldande lover, reglar og interne rutinar vert etterlevde på forskingsstasjonen
- HMS-ansvar for forskingsstasjonen
- Godt samarbeid med alle som bruker stasjonen og bidra til samarbeid med andre i NIBIO
- Profilere og representere NIBIO lokalt og regionaltGodt omdømme internt og eksternt

Kvalifikasjonar

- Landbruksfagleg eller annan relevant utdanning. For eventuell kombinasjon med forskning vert det kravd minimum relevant mastergrad.
- Solid og relevant erfaring
- Leiarerfaring
- Innsikt i dei aktuelle fagdivisjonane sine arbeidsområde
- Gode språkkunnskapar i norsk og engelsk

Personlege eigenskapar

- Gode leiareigenskapar
- Gode samarbeidsevner og evne til å byggja relasjonar og nettverk
- Evne til å jobba resultat- og marknadsorientert
- Løysings- og utviklingsorientert

Vi tilbyr

- Stillinga vert løna i det statlege lønnsregulativet som avdelingsleiar kode 1407, lønnssteg 65-74 (kr 560.400 - 663.700 pr. år). Løna vert fastsett etter utdanning og erfaring, og stillinga sitt omfang og anvarsområde.
- Medlemskap i Statens Pensjonskasse som inneber ei god tenestepensjonsordning, yrkesskade- og gruppelivsforsikring, dessutan tilbod om bustadlån til gunstig rente.

Generelle opplysningar

- Staten legg vekt på mangfald på arbeidsplassen og oppfordrar kvalifiserte kandidatar til å søkja - uavhengig av alder, kjønn, funksjonshemming, nasjonal eller etnisk bakgrunn.
- NIBIO er ei IA (inkluderande arbeidsliv) -verksemd.
- Vi gjer merksam på at opplysningar om søkjaren kan verta gjort kjent offentleg, jf. Lov om rett til innsyn i dokumenter i offentleg verksemd (offentleglova), § 25. Ein søkjar kan oppmoda om å verta unnateken frå oppføring på offentleg søkjarliste. Ved vurdering om ei slik oppmoding skal takast til følgje, skal det leggjast vekt på om det knytter seg særleg offentleg interesse til stillinga. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, vert søkjaren varsla om dette.

Kontaktpersonar:

Eigeidomsleiar Ingvar Hage, tlf 917 79 022, eller divisjonsdirektør Roald Sørheim, tlf 900 94 486

Søknad med CV skal sendast elektronisk via lenkje på denne sida, "søk stillingen"

Vitnemål og attestar kan takast med ved eit eventuelt intervju, eller leggjast ved elektronisk.

Dersom du har problem med utfylling av elektronisk søknad kan du kontakte kundeservice hos Jobbnorge på kundeservice@jobbnorge.no eller ring telefonnummer 75 54 22 20.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: